

Fra boken "Husmannstid og husmannsfolk" av Arnfinn Engen, Dølaringen Boklag 2001. s. 28-30

Lovverket

"(...) Men viktigare var nok den sosiale uroa og sterke organiseringa av husmenn og arbeidrarar som starta i 1848 på bakgrunn av ei internasjonal økonomisk krise, og som kom til å gå under namnet Thranerørsla. Det politiske midlet denne rørsla brukte for å prøve å presse fram endringar, var å samle underskrifter på ein petisjon etter mønster frå den engelske chartist-rørsla.

Mellom hovudkrava som vart reist i denne petisjonen var det fleire som direkte omhandla husmennene og husmannsvesenet. Dette galdt til dømes kravet om at vernetollen skulle bort slik at varene vart billigare, at allmenn verneplikt skulle innførast, og ikkje minst kravet om at «Husmandsklassens Kaar maa blive undersøgt og forbedret».

Denne petisjonen vart innlevert til Kongen i mai 1850, og i november kom svaret der det mellom anna vart sagt at «Hans Majestet har med Bekymring betragtet den misledende Indflydelse paa den arbejdende Klasse som i den senere Tid har vist sig», men som elles inneheldt lite konkret utover at Kongen ville ta omsyn til det «som maatte findes foreneligt med det almene Vel -».

Noko var likevel i mellomtida gjort. Alt sist på året i 1849 hadde statsråd Fredrik Stang tatt eit initiativ ved å sende eit rundskriv til amtmennene i riket og bedt dei vurdere ut frå lokale forhold om husmannslovgevinga trong revisjon. På grunnlag av svara fann Stang å ville sette ned ein kommisjon til å vurdere spørsmålet. I kommisjonen sat tre embetsmenn og to storbønder. Den gruppa saka mest galdt, husmennene, fekk ingen representantar i kommisjonen.

Grunnen til at Stang tok dette initiativet måtte vere det som hadde skjedd ute og heime frå først på året 1848. I mange land i Europa hadde det kome til revolusjonære tilstandar, og regime var velta. Her heime hadde Marcus Thrane organisert ei arbeidarrørsla som med sitt medlemstal relativt sett var den største i heile Europa. Ein stor del av medlemene var husmenn, og husmannskrav sto sentralt i petisjonen. Å demme opp for denne rørsla var eit viktig mål for styresmaktene. Eit middel til dette var å sjå på situasjonen for husmennene. «Sågen er af yderste Vigtighed, hvis Samfundsordenen skal betrygges for en længre Fremtid imod voldsomme Rystelser», skreiv ein innsendar til ei avis i 1850. Det arbeidet som vart gjort i samband med husmannskommisjonen frå 1850, er sentralt når det gjeld å få kunnskap om synet styresmaktene hadde på husmannsstatet i den tida dette hadde størst omfang i bondesamfunnet. Det var også første gongen husmannsproblemet vart tatt opp til diskusjon på breidt grunnlag.

Det bakgrunnsstoffet kommisjonen hadde å arbeide ut ifrå ved sida av personlege røymsler, var for det første svara på rundskrivet frå 1849 til amtmennene. Amtmennene hadde også henta inn vurderingar frå formannskapa i sine distrikt, så dette gav eit stort materiale. Vidare kunne kommisjonen sjå på argumenteringa i arbeidarpetisjonen. Endeleg hadde Det Kgl. Selskab for Norges Vel lyst ut ei prisoppgave: «Fremstilling af Huusmandsclassens Vilkaar for Nærværende og Besvarelse af det Spørgsmaal, om der er Grund til at bevirke Forandringer i lovgivningen om Huusmandsvæsenet, samt i såa Fald hvori disse bør bestaae», og det kom fleire svar på denne oppgava. Vidare var det også mykje debatt i avisene om emnet.

Kva inneheldt desse ymse innlegga i samfunnsdebatten omkring husmannsskipnaden? Dei fleste debattantane såg husmannens situasjon utanfrå. Avisinnlegga var stort sett skrivne av embetsmenn og bønder. Det same galdt svara på prisoppgava. Og i vurderingane frå formannskapa var det også desse gruppene som kom til orde. Ingen husmann sat i dei forsamlingane.

Dette prega også innlegga. For det første var det viktig å understreke at det var og burde vere skilnad på samfunnsgruppene. «Vi forudsætte at man vil bibeholde Forskjellen mellem Gaardmænd og Husmænd som overhovedet mellem Overordnede og Underordnede og mellem de forskjellige Stillingers billige Fordringer paa Formue, Bequemmeligheder og Livsny-delser, [og at] man ikke vil forstyrre al guddommelig og menneskelig Orden ved at sammenblande Alt og gjøre Alle ulykkelige.» Lous, vinnaren av priskonkurransen, skreiv om «Tidsalderens forvildede Ligheds-stræben». Men lengst gjekk likevel Askers formannskap ved å si at «Der maa og skal være Fattige i Landet, thi ellers vilde den skjønneste Christelige Dyd, den at gjøre vel og meddele, savne Opfordring og Anledning». Om det var så at ein del husmenn sat i tronge og vanskelege kår, var etter sommes meining viktigaste årsaka til dette å finne i husmannens moral,

«I den Maade, hvorpaa Husmanden gjene har tilbragt sit Iiv, forinden han bliver Husmand, nemlig for en stor Deel som Løsgjænger, hvorved han ikke i Tide er bleven vant til stadigt Arbeide og

regelmæssig oeconomic Benyttelse af Tid og Kræfter, men snarere derimod har tilegnet sig let-
sindige Vaner, gjerne for tidlig har stiftet Familie, er kommet i Gjeld osv». Men det var også
debattantar som meinte at husmennene skuldlause hadde fått verre materielle kår, og at det trongst
reformar, at husmennene var den «af Loven forladte Stand». (...)"